

Eidsland Grendalag
v/Jahn Olav Nordheim

Eidslandet 28.04.16

Vaksdal kommune
Konsul Jebsensgate 16
5722 Dalekvam

Uttale i samband med konsesjonssøknad for Fjellfossen, Leirofossen og Steinsedalselvi kraftverk i Vaksdal kommune.

Eidsland Grendalag ynskjer å koma med fylgjande uttale til planane om utbygging av Fjellfossen, Leirofossen og Steinsedalselvi kraftverk på Eidslandet i Vaksdal kommune.

Eidsland Grendalag er positive til planane om desse utbyggingane.

Grunngjeving:

-Ei utbygging vil kunna gje grunneigarar inntekter, og på det viset vera med å styrka busetnad i bygda. Me ser frå liknande tiltak i andre små bygder at bygging av små kraftverk har vore med på å snu ei negativ trend med fråflytting.

-Utbygging vil gje Vaksdal kommune auka skatteinntekter.

-Utbygging vil gje arbeid til lokale entreprenørar i anleggsperioden. Dette vil òg gje positive effektar for lokalt næringsliv som nærbutikken og transportbedrifta Modalen Eksingedalen Billag. Utleige av bustader i anleggsperioden kan òg vera ein positiv vinst for bygda.

-Utbygging vil gje vegutløysing og dermed tilkomst til eit stort og fint rekreasjonsområde for langt fleire menneske enn i dag. Stien opp til Leiro i dag er bratt, steinete og går for det meste gjennom planta granskog, noko som gjer den svært glatt store delar av året. Om vinteren er området lange periodar utilgjengeleg. Me ser frå andre område der det har kome anleggsveg inn i fjellområde så har dette ført til at området har vorte tilgjengeleg for langt fleire brukarar, utan at naturopplevinga har vorte vesentleg redusert. Gardane på Leiro vil på ein enklare og mykje billigare måte få frakta naudsynte varer opp. I dag er einaste moglegheita for å få opp td vedlikehaldsmateriell å nytta helikopter.

-Området vert i dag framleis nytta som utmarksbeite for sau. Ein veg opp til Leiro vil letta transporten av dyr både vår og haust, og tilsynet med dyra på beite om sommaren vil verta monaleg enklare.

-Utbygging vil gje ein fin tilvekst til produksjon av rein fornybar energi som Noreg treng.

Me ser fram til auka aktivitet og verdiskaping på Eidslandet

Kopi: NVE

For Eidsland Grendalag

Jahn Olav Nordheim